



TysseLand Arkitektur As
Valkendorfs-gaten 9
5012 BERGEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 16/3004 - 17/15491

Saksbehandlar:
Lillian Straumøy Brakstad
lillian.s.brakstad@meland.kommune.no

Dato:
04.08.2017

Godkjenning - løyve til tilkopling til kommunalt VA-anlegg og igangsettingsløyve for heile tiltaket, hus 08 - felt B24 i Mjåtveitmarka, gbnr 22/166,173.

Administrativt vedtak. Saknr: 217/2017

Tiltakshavar: Mjåtveitmarka B16 AS
Ansvarleg søker: TysseLand Arkitektur AS
Søknadstype: Søknad om igangsetting av tiltak med ansvarsrett etter plan - og bygningslova (pbl.) § 20 - 1 , jf. § 21 - 2, 5. ledd

Saksutgreiing:

Tiltak:

TysseLand Arkitektur AS, har på vegne av tiltakshavar, Mjåtveitmarka B16 AS, søkt om igangsettingsløyve (IG) for heile tiltaket ved oppføring av hus 08 med sju bueiningar i felt B24 i Mjåtveitmarka, gbnr 22/166, 173.

Det er også søkt om løyve til tilkopling til kommunalt VA-anlegg for hus 08.

Rammeløyve er gitt administrativt i vedtak 29/2017.

Vurdering:

Nabovarsling:

Tiltaket vart nabovarsla i samband med søknad om rammeløyve, jf. pbl § 21-3. Søknad om igangsettingsløyve inneheld ikkje endringar som gjer det naudsynt med ytterlegare varsling.

Lov - og plangrunnlag

Tiltaket er i samsvar med plangrunnlaget. Det blir vist til rammeløyvet for nærare opplysningar om dette. Rammeløyve er gjeve på m.a. følgjande vilkår:

1) Før det blir gitt igangsettingsløyve må det liggje føre godkjend søknad om løyve til tilkopling til kommunalt VA-anlegg.

Det er søkt om løyve til tilkopling til kommunalt VA-anlegg i søknad journalført 02.08.2017. Meland kommune godkjenner at hus 08 i felt B24 i Mjåtveitmarka, gbnr 22/166, 173 vert tilkopla kommunalt VA-anlegg, jf. pbl §§ 27-1 og 27-2 i samsvar med søknad med vedlegg frå TysseLand Arkitektur AS.

På bakgrunn av dette finn administrasjonen at vilkår i rammeløyvet er oppfylt.

Vedtak

«Meland kommune gir i medhald av pbl §§ 20-1 og 21-4 fjerde ledd igangsettingsløyve for heile tiltaket – oppføring av hus 08 med sju bueiningar i felt B24 i Mjåtveitmarka, gbnr 22/166 og 173, i samsvar med søknad med vedlegg journalført 30.06.2017.

Tiltaket skal gjennomførast i samsvar med krav og vilkår gitt i eller i medhald av pbl, så fram det ikkje er gitt unntak.

Ansvarsrettar gjeld i samsvar med innsendt gjennomføringsplan motteke 30.06.2017 og innsendte erklæringar, jf. pbl § 23-3.

Dei opplysningane om byggjetiltak og tiltakshavar som går fram av søknaden vert registrert i matrikkelen, jf. matrikkellova.

Igangsettingsløyve fell bort dersom tiltaket ikkje er sett i gong innan tre år, eller dersom tiltaket vert innstilt i lengre enn to år, jf. pbl § 21-9.

Tilknytning VA-anlegg:

Meland kommune godkjenner at hus 08 med sju bueiningar på eigedomen gbnr 22/166,173 vert tilknytt kommunalt VA-anlegg i samsvar med søknad journalført 02.08.2017 på følgjande vilkår:

- Tilknytninga skjer på dei vilkår som kommunen har fastsett i forskrift, retningsliner og leveringsavtale.
- Alle sanitærinstallasjonar skal følgje «Standard abonnementsvilkår for vatn og avløp» - kommuneforlaget.
- Melding om dokumentasjon frå utførande røyrleggjar skal sendast kommunen når tilkoplinga er utført.
- Dersom De ønskjer å leige vassmålar må det gjevast melding til kommunen.
- Gebyr skal betalast i samsvar med gjeldande gebyrregulativ. Per 01.01.2017 er tilknytingsgebyret for vatn kr 20 000,- + mva og for avlaup kr 20 000,- per bueining.

Ansvarsrettar gjeld i samsvar med innsendte erklæringar, jf pbl § 23 - 3.

Vedtaket er gjort med heimel i Lov om vass- og kloakkavgifter og plan- og bygningslova.»

Gebyr

Gebyr for sakshandsaminga vert ettersendt.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i forvaltningslova (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Lillian Straumøy Brakstad
konsulent

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

IG hus 08

Kopi til:

Mjåtveitmarka B16 AS

c/o Tysseland 5012
arkitektur AS
Valkendorfgaten
9

BERGEN

Mottakere:

Tysseland Arkitektur As

Valkendorfgaten 5012
9

BERGEN